

Forskrift om skulekrinsar og rett til skuleplass i Osterøy kommune

Kapittel 1: Formål, verkeområde og ansvar

§1-1 Formål

Forskrifta skal bidra til likeverdig handsaming av vedtak, søknad og klagar på tildeling av skuleplass. Informasjon, tidsfristar og naudsynte skjema skal vera tilgjengeleg på Osterøy kommune si heimeside.

§1-2 Verkeområde

Forskrifta femner om alle barn busett i Osterøy kommune som har rett og plikt til grunnskuleopplæring etter opplæringslova §§2-1 og 2-2.

§1-3 Ansvar

Kommunedirektøren har ansvar for:

- a) å halde ved like denne forskrifta.
- b) opptak av elevar med bustadadresse innan eigen skulekrins, slik skulekrinsane er definert i denne forskrifta.
- c) å treffe vedtak i saker som gjeld søknad om å gå på skule utanfor den skulekrinsen eleven soknar til.

§1-4 Delegasjon

Kommunedirektøren kan delegere myndet etter denne forskrifta. Mynde etter forskrifta §4-2 kan likevel ikkje delegerast til den einskilde skulen.

Kapittel 2: Skulekrinsgrensene

§2-1 Skulekrinsar for barnetrinnet

Osterøy kommune har fire barneskular: Lonevåg skule, Haus skule, Valestrand skule, Fotlandsvåg skule.

§2-2 Skulekrinsar for ungdomstrinnet

Osterøy kommune har ein ungdomsskule: Osterøy ungdomsskule.

§2-3 Vedlikehald av lokal forskrift om kringsgrenser

Kommunedirektøren har ansvar for å gjera naudsynte og jamnlege anslag av forventa elevtal, både kortsiktig og langsiktig gjennom framskrivne prognosar, slik at eventuelle kringgrensejusteringar kan gjerast så skånsamt som mogleg.

§2-4 Skulekrinsar

Skulekrinsane til skulane i Osterøy kommune går fram av vedlagde kart over skulekrinsar.

Kapittel 3: Vedtak om skuleplass

§3-1 Hovudregel om tildeling av skuleplass

Det er ikkje fritt skuleval i Osterøy kommune.

Den folkeregistrerte adressa til eleven vert rekna for eleven sin heim. Nærskulen til eleven er den skulen som ligg i den skulekrinsen der eleven har si folkeregistrerte adresse.

Denne forskrifta avgjer kva skule eleven blir tildelt plass ved. Forskrifta skal sikra at elevane vert tildelt skuleplass i tråd med opplæringslova § 2-6. Den skal gje elevar, føresette og skulane god føreseielegheit.

Alle elevar får førstegongs vedtak om skuleplass ved den skulen som er eleven sin nærskule ut frå eleven si folkeregistrerte adresse. Elevar som skal byrje på ungdomstrinnet får plass på Osterøy ungdomsskule.

§3-2 Elevar med delt bustad

Elevar med delt bustad er elevar som delar tida mellom to heimar og som regelmessig bur hjå kvar av dei føresette. Det må vere inngått skriftleg avtale mellom dei føresette der fordelinga av eleven sin tid i dei to heimane er regulert som ei fast, planlagd og regelmessig ordning.

Elevar med delt bustad får tildelt skuleplass ut frå si folkeregistrerte adresse. Dei føresette kan likevel søke om at eleven får skuleplass på den skulen som ligg i skulekrinsen tilhøyrande den andre heimen. I begge tilfelle vert skulen der eleven får plass rekna som eleven sin nærskule. Det er eit vilkår at nærskulen ligg i den kommunen der eleven er folkeregistrert og som har opplæringsansvaret for eleven.

§3-3 Elevar med særskilte butilhøve

Elevar som bur i fosterheim skal reknast for å ha sin heim der fosterheimen ligg.

Elevar som bur i asylmottak skal reknast for å ha sin heim der asylmottaket ligg.

Elevar som er på avlasting etter kommunalt vedtak skal reknast for å ha sin heim i avlastingstiltaket når eleven er på avlasting.

Elevar som mellombels bur utanfor heimen på grunn av opphald på sjukehus, beredskapsheim, krisesenter eller liknande, har rett til fri skuleskyss dersom vilkåra for skyss er oppfylte.

§3-4 Vedtak om skuleplass for kommande førsteklasingar

Skulestartarar får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass saman med registrerings skjema for skulestartarar.

Som hovudregel skal det fattast vedtak for alle elevar det året eleven fyller 6 år. Vedtaket skal som hovudregel sendast ut i starten av/tidleg det året eleven skal byrje på skulen.

Der eleven endrar folkeregistrert adresse før skulestart skal det treffast nytt vedtak fortløpande.

§3-5 Om kapasiteten til skulane

Alle skulane med barnetrinn i Osterøy kommune har ein avgrensa kapasitet til å ta imot skulestartarar. I dei åra ein skule har ekstra store årskull kan dette løysast ved at elevar får plass ved ein anna skule enn nærskulen. Omsyn omtalt under denne forskrifta § 3-5 kan vektleggjast i denne samanhengen.

§3-6 Vedtak om skuleplass for elevar som flyttar frå anna kommune til Osterøy kommune

Elevar som flyttar til kommunen frå ein anna kommune får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass saman med tilhøyrande registrerings skjema etter motteken flyttemelding.

Eleven skal ha vedtak om skuleplass på nærskulen.

§3-7 Vedtak om skuleplass utanfor skulekrinsen

Kommunedirektøren treff vedtak om skuleplass utanfor skulekrinsen etter søknad frå føresette. For å få tildelt skuleplass på anna skule enn nærskulen, skal det liggja føre særskilde omsyn.

Barn og unge har ein rett til å bli høyrd i saker som omhandlar dei, og omsynet til det beste for barnet skal vera eit grunnleggjande omsyn i vurderinga. Moment som kan vektleggjast i vurderinga av søknadane er:

- a) eleven har søsken ved ein skule utanfor skulekrinsen.
- b) eleven har særskilde behov som har vesentleg betydning for skulegangen, der desse behova ikkje kan ivaretakast på nærskulen. Behova må dokumenterast.
- c) eleven har farleg skuleveg og vil få ein tryggare skuleveg ved skuleplass utanfor skulekrinsen.
- d) eleven har flytta ut av krinsen i siste året på barnetrinnet eller ungdomstrinnet og ønskjer å halda fram skulegangen ved opphavleg skule for å halda oppe sosiale relasjonar.

Ein søknad etter denne paragrafen skal berre innvilgast dersom eleven ikkje fortrengrer andre elevar som har denne skulen som nærskule. Vidare skal skulebyte berre innvilgast der skulebyttet ikkje vil føre til at den nye skulen må opprette fleire klassar på trinnet. Eleven kan ved kapasitetsutfordringar i den skulekrinsen som det er søkt om, få tilbod omskuleplass ved alternativ skulekrins der det er kapasitet.

§3-8 Byte av skule som følgje av adresseendring

I tilfelle der flytting internt i kommunen fører til at eleven blir tilhøyrande ein annan skulekrins, plikter føresette å gje skulen beskjed snarast mogleg.

Når ein elev melder flytting ut av skulekrinsen, skal det treffast nytt vedtak om skuleplass. Det kan søkast om at eleven held fram skulegangen ved den tidlegare skulen etter reglane i denne forskrifta kap. 3.

Eleven kan ikkje byrje ved ny skule før vedtak er treft og føresette har samtykka i at dei godtek vedtaket eller klagefristen har gått ut. Dersom føresette klagar på eit vedtak, eller søker om skulegang ved anna skule, held eleven fram på tidlegare skule til saka er ferdig handsama.

§3-9 Utsettning eller framskynding av skulebyte som følgje av adresseendring

Dersom ein elev byter bustadadresse, kan det søkast om å utsetja skulebyttet til inneverande skuleår er fullført. Slike vedtak skal normalt innvilgast.

Retten til fri skuleskyss vil falle bort frå vedtakstidspunktet dersom eleven får utsett skulebyte. Eleven held fram på tidlegare skule fram til endeleg vedtak er treft.

Dersom det er ønskeleg at eleven byrjar på ny skule før eleven faktisk har flytta, er dette å sjå på som søknad om skulegang ved anna skule.

Kapittel 4: Saker etter opplæringslova kap. 12 og 13

§4-1 Vedtak om skulebyte som tiltak etter opplæringslova kapittel 12

Dersom det er naudsynt at ein elev byter skule for å få oppfylt retten sin til eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med opplæringslova §12-2, kan kommunedirektøren treffe vedtak om skulebyte etter opplæringslova §12-4.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova. I vedtaket skal det opplysast om det tidlegare arbeidet til skulen i saka

§4-2 Vedtak om skulebyte som tiltak etter opplæringslova kap. 13

Dersom det er naudsynt at ein elev byter skule for å ta vare på rettane til andre elevar etter opplæringslova §12-2, skal kommunedirektøren treffe vedtak om dette med heimel i opplæringslova §13-2.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova. I vedtaket skal det opplysast om det tidlegare arbeidet til skulen i saka.

Kapittel 5: Skuleskyss

§5-1 Rett til fri skuleskyss

Dersom eleven går på ein anna skule enn nærskulen etter søknad frå dei føresette, fell retten til fri skuleskyss bort.

§5-2 Rett til fri skuleskyss i saker etter opplæringslova kap. 12

Retten til fri skuleskyss fell likevel ikkje bort dersom skulebyttet er eit naudsynt tiltak for å hindra eller stoppa mobbing eller andre formar for krenkingar etter opplæringslova kap. 12.

Elever som har vedtak etter kap. 4 i denne forskrifta har rett på fri skuleskyss.

Kapittel 6 Ymse føresegner

§6-1 Heimel

Forskrifta er gitt med heimel i opplæringslova (lov-2023-06-09-30) §2-6.

§6-2 Endringar og justeringar i forskrifta

Kommunedirektøren kan vedta endringar i forskrifta som er av ikkje-prinsipiell karakter.

§6-3 Ikraftsetjing

Denne forskrifta er gjeldande frå 01.08.2024.

§6-4 Sakshandsaming og klagerett

Forvaltningslova sine reglar gjeld tilsvarande for saker etter denne forskrifta.

Alle vedtak som gjeld tildeling av skuleplass og avslag på søknad om skuleplass er enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknader om skuleplass, kan klagast på etter føresegnene i forvaltningslova om klagerett på enkeltvedtak.

Klagefristen er tre veker etter vedtaket er komme fram til mottakar.

Vedlegg

Kart over skulekrinsar.